

MØTEBOK

Organ:	Kommunestyret
Stad:	Leikanger, Fylkeshuset - Firdasalen
Dato:	06.05.2021
Tid:	09:00 - 17:25

Representanten Henny Kristin Asperanden Navarsete (Ap), Karen Marie Hjelmeseter (Sp), Laila Njøs Eikeland (Sp), Per Hilleren (Sp) og Ståle Loftesnes (MDG) har meldt forfall. Arnstein Hauståker (Ap), Roy Kenneth Rendedal (Sp), Olaug Marie Bjelde (Sp), Knut Eggum (Sp) og Halvor Johannes Dannevig (MDG) tok sete som vararepresentantar.

Senterpartiet

Arnstein Menes

Roy Kenneth Rendedal – vara for Karen Marie Hjelmeseter

Malén Røysum

Svein Jarle Slinde

Bjarte Stedje

Magne Bruland Selseng

Knut Eggum – vara for Per Hilleren

Ole Simen Nesdal

Ivar Slinde

Henrik Johannessen Selvåg

Bodil Merete Andersen Strand

Tore Feten

Olaug Marie Bjelde – vara for Laila Njøs Eikeland

Kristin Rundsveen Bøtun

Gabriel Skjulhaug Yttri

Berit Marie Ruud

Arbeidspartiet

Arnstein Hauståker – vara for Henny Kristin Asperanden Navarsete

Kjetil Kvåle

Ole André Aarvoll

Antonella Patricia Vidal Ottone

Stig Ove Ølmheim

Clara Øberg

Høgre

Arne Glenn Flåten

Lars Trygve Sæle

Solfrid Fossberg

Gunnhild Olstad Bøyum

Laila Elisabeth Wigum

Sosialistisk Venstreparti

Vibeke Johnsen
Anna Helen Hamre
Oddbjørn Bukve
Hans Christian Knutsen

Kristeleg Folkeparti

Frode Bøthun
Margrete Haug

Venstre

Trude Risnes
Bjarte Haugen

Framstegspartiet

Rita Navarsete

Miljøpartiet Dei Grøne

Halvor Johannes Dannevig – vara for Ståle Loftesnes

Til stades med møte- og talerett:

Konst. rådmann Tor-Einar Holvik Skinlo

Frå administrasjonen:

Kommunalsjef oppvekst Ole Gunnar Krakhellen
Kommunalsjef plan og samfunn Arne Halvor
Abrahamsen

Sekretariat for møtet:

Reidun Sørestrand Hågvar

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Kommunestyre valde ordføraren, Rita Navarsete (Frp) og Anna Helen Hamre (Sv) til å godkjenne møteboka på vegner av organet.

Sakene vart handsama i følgjande rekkefølge: Sak 43/21, Sak 31-34/21, sak 36/21, sak 40/21, sak 35/21, sak 41/21, sak 37-39/21 og 42/21

Kjetil Kvåle (Ap) fekk permisjon frå møte kl 16.00 etter at vedtakssakene var ferdig handsama.

Antonella Patricia Vidal Ottone (Ap) fekk permisjon frå møte kl 16.30

Solfrid Fossberg (H) fekk permisjon frå møte kl 17.00

Lukka møte kl 16:40 under skriv og meldingar knytt til konkrete saker om ureining. Heimel for lukking av møte: Teieplikt etter kommunelova § 11-5 andre ledd, jf. fvl. § 13, og forhandling etter kommunelova § 11-5 tredje ledd bokstav b, jf. ofl. § 23

Sak 31/21
Avtale om sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet - utøving av opsjon på forlenging

Vedtak, samrøstes:

1. Avtale med PwC om sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet vert forlenga ved utøving av opsjon til 01.06.23

Sak 32/21
Årsmelding frå kontrollutvalet for 2020

Vedtak, samrøstes:

1. Årsmelding 2020 for kontrollutvalet vert teken til vitande.

Sak 33/21
Representant for oppnevningssutvalet for meklere i konfliktrådet

Vedtak, samrøstes:

Kommunestyret oppnevner Arnstein Menes som representant til oppnevningssutvalet for meklere i konfliktrådet for perioden d.d til 31.12.23

Sak 34/21
Forskrift om folkevalde si godtgjersle i Sogndal kommune - endring

Vedtak, samrøstes:

1. Endringsforskrift som tillegg til forskrift om folkevalde si godtgjersle i Sogndal kommune.

Det blir gjort fylgjande endringar:

§ 4 b) blir endra slik:

Leiarar og representantar i administrasjonsutval, arbeidsgjevarutval, råd for eldre, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd, sakkunnig nemnd eigedomsskatt, klagenemnd eigedomsskatt, **samt røystestyra** som ikkje motteke fast møtegodtgjersle

Det vert utbetalt variabel møtegodtgjersle

Leiar: 0,075 % av ordføraren si årlege godtgjersle

Representant og vararepresentant: 0,050 % av ordføraren si årlege godtgjersle per møte

Sak 35/21
Tilstandsrapport 2021 Sogn barnevern

Vedtak, samrøystes:

Sogndal kommunestyre tek tilstandsrapport 2021 for Sogn barnevern til vitende.

Sak 36/21
Fleirbruks- og basishall

Formannskapet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Rådmannen skal utgreie og følgje opp prosjektet basis og fleirbrukshall på line med alle andre investeringsprosjekt i kommunen.
2. Noverande «Plan- og byggjenemnd for fleirbruks - og basishall», utanom dei tilsette i kommunen, vert gjort til referansegruppe for arbeidet med fleirbruks- og basishall. Referansegruppa skal gje faglege råd og uttale seg til løysingar for prosjektet. Referansegruppa kan utvidast ved behov.

Endringsframlegg:

Kommunestyre sette fram slik framlegg: Nytt punkt 3. Referansegruppa vert utvida med representant frå innvandrarrådet.

Avrøysting

Innstillinga og nytt punkt nr 3 vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Rådmannen skal utgreie og følgje opp prosjektet basis og fleirbrukshall på line med alle andre investeringsprosjekt i kommunen.
2. Noverande «Plan- og byggjenemnd for fleirbruks - og basishall», utanom dei tilsette i kommunen, vert gjort til referansegruppe for arbeidet med fleirbruks- og basishall. Referansegruppa skal gje faglege råd og uttale seg til løysingar for prosjektet. Referansegruppa kan utvidast ved behov.
3. Referansegruppa vert utvida med representant frå innvanderrådet.

Sak 37/21
Detaljreguleringsplan for Nornes Vest

Vedtak, samrøystes:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Nornes Vest, sist revidert 13.04.2021, i medhald av plan- og bygningslova §12-12.

Det skal takast inn nytt punkt i føresegnene:

Rekkefølgeføresegn punkt 2.5.

Før det vert gjeve igangsettingsløyve til tiltak innanfor planområdet, skal nytt hjortegjerde etablerast ovanfor bebyggelse og koplast på eksisterande gjerde, jamfør føresegn 8.3. Plan for opparbeiding av hjortegjerde skal godkjennast av landbruksavdelinga før opparbeiding.

Sak 38/21
Mindre endring Hodlekve - Rinden

Plan- og forvaltningsutvalet tilrår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 mindre endring av detaljreguleringsplan for Hodlekve–Rinden (Plan ID 1420-2016005) slik dette er omsøkt, samt med med fylgjande endringar ut over dette:

1. Føreslegen vegframføring frå SKV6 vert teke ut av planen og løyst frå f_SKV5. Retningspil for avkøyrslø skal komme fram av plankart.

2. Gbnr. 19/266 vert regulert til friluftsføremål, f_LF7.
3. Punkt for plassering av bygg (planlagt bebyggelse) vert justert i tråd med vedlegg 9.
4. Felt f_LF7 i revidert plankart skal heite f_LF4 som tidlegare.

Habilitet:

Kommunestyre fann representantane Trude Risnes (V), Ole Andre Aarvoll (Ap), Stig Ove Ølmheim (Ap) og Kjetil Kvåle (Ap) habile/gilde til å handsame saka. Jf § 6 i kommunelova.

Avrøysting:

Framlegget frå plan og forvaltningsutvalet fekk 29 røyster frå Sp (16), Ap (6), Sv (4), V (2) og MDG (1), og 8 røyster mot frå Høgre (5), Krf (2) og FrP (1)

Handsaming:

Høgre og FrP sette fram krav om lovlegkontroll:

Sogndal Høgre og Sogndal FRP meiner at sak 38/2021 "Mindre endring Hodlekve - Rinden" ikkje kan handsamast som ei mindre endring, og ber om at saka vert oversendt til statsforvaltaren i Vestland for lovlegkontroll.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 mindre endring av detaljreguleringsplan for Hodlekve–Rinden (Plan ID 1420-2016005) slik dette er omsøkt, samt med med fylgjande endringar ut over dette:

1. Føreslegen vegframføring frå SKV6 vert teke ut av planen og løyst frå f_SKV5. Retningspil for avkøyrsløse skal komme fram av plankart.
2. Gbnr. 19/266 vert regulert til friluftsføremål, f_LF7.
3. Punkt for plassering av bygg (planlagt bebyggelse) vert justert i tråd med vedlegg 9.
4. Felt f_LF7 i revidert plankart skal heite f_LF4 som tidlegare.

Sak 39/21
Vedtak av detaljregulering Granden 25 og 27

Vedtak, samrøystes:

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Granden 25 og 27 i medhald av plan- og bygningslova § 12-12.

Sak 40/21
Ev. etablering av frivilligsentral i Balestrand

Vedtak, samrøystes:

1. Eventuelt vedtak om frivilligsentral i Balestrand må gjerast som del av budsjetthandsaminga for 2022.
2. Rådmannen skal utgreie nærare planlegging av frivilligsentral i samarbeid med frivillig sektor, inkludert vurdere korleis raskare oppstart kan skje med kun kommunal støtte.

Sak 41/21
Ny gangbru i Sogndal kommune

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Den nye gangbrua knytt til Fjordstien i Sogndal sentrum skal heite Osenbrui.

Habilitet:

Endringsframlegg:

Hans Christian Andersen Knudsen (Sv) sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Den nye gangbrua knytt til Fjordstien i Sogndal sentrum skal heite Fjordstibrui.

Svein Jarle Slinde (Sp) sette fram slik framlegg til vedtak:

1. Den nye gangbrua knytt til Fjordstien i Sogndal sentrum skal heite Sikksakken

Avrøysting:

Osenbrui - fekk 15 stemmer, 7 (Sp) Røysum, Stedje, Bruland, I.Slinde, Selvåg, Rendedal, Eggum, 5 (H), 2 (Krf), 1 (FrP)

Fjordstibrui - fekk 10 stemmer, 6 (Ap), 4 (Sv),

Sikksakken - fekk 12 stemmer, 9 (Sp) Menes, SJ Slinde, Nesdal, Strand, Feten, Bjelde, Bøthun, Yttri, Ruud, 2 (V) 1 (MDG)

Avrøysting, 2 gong:

Sikksakken – fekk 15 stemmer, 9 (Sp) Menes, SJ Slinde, Nesdal, Strand, Feten, Bjelde, Bøthun, Yttri, Ruud, 1 (Ap) Aarvoll , 2 (V), 1 (MDG), 2 (Sv) Bukve, Knutsen

Osenbrui - fekk 22 stemmer, 7 (Sp) Røysum, Stedje, Bruland, I.Slinde, Selvåg, Rendedal, Eggum, 5 (Ap),Hauståker, Kvåle, Ottone, Ølmheim, Øberg, 5 (H), 2 (Sv) Johnsen, Hamre 2 (Krf), 1 (FrP)

Handsaming:

Laila Elisabeth Wigum (H) la fram ønskje om å sette opp minnesmerke over Arve Beheim, og kommunestyre slutta seg til dette.

Vedtak:

1. Den nye gangbrua knytt til Fjordstien i Sogndal sentrum skal heite Osenbrui.

Sak 42/21

Skriv, meldingar, drøftingar og orienteringar kommunestyret 6. mai 2021

Vedtak:

Fylgjande skriv, meldingar, drøftingar og orienteringar vart handsama:

A. Skriv og meldingar

1. Revisjonsmelding 2020 Sogndal kommune
2. Kandidatar til verv i Norsk kulturskuleråd Vestland
3. Uttale frå Sogn regionråd til yrkesopplæringsnemda og hovudutval for opplæring og kompetanse
4. Kirkens SOS - søknad om driftsstønad 2021
5. Vest politidistrikt - hatefulle yttringar mot folkevalde
6. Brev frå Statsforvaltaren i Vestland datert 26.04.21, Sogndal kommune - budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024
7. Status bruk av fullmakt til løpande barnehageopptak
8. Nytt politihus i Førde og samlokalisering av førstelinje utlendingsforvaltning
9. Ureining Fimreite
10. Drøftingsnotat arbeid med forsøpling og ureining

B. Drøftingar

C. Orienteringar

Frå rådmannen:

1. MOT
2. Status vaksinasjon
3. Vasskvalitet og ureining

Frå ordføraren:

Andre:

1. Sogn Brann og Redning
2. SIMAS

D. Innkomne spørsmål frå representantane

1. Ole André Aarvoll (Ap)
 - Kva er status for Gorovegen vinteren 2021, har denne vore open.
 - Korleis er kommunikasjonen mellom pol/adm leiing og grunneigar

Administrasjonen svara ut spørsmåla i møte

2. Stig Ove Ølmheim (Ap)
 - Manglande revisor godkjenning av rekneskapen 2020 for Sogndal kommune.
 - Sogndal VGS - Sp opererer med anonyme kjelder. Kva har ordføraren gjort i saka?
 - Manglande KOSTRA rapportering Sogndal kommune - kvifor har ikkje ein levert innan fristen.
 - Tilsetjing i Sogndal kommune utan off. utlysing. Kva er retningslinjene for tilsetting?

Administrasjonen svara ut spørsmåla i møte

E. Interpellasjonar

Vedlegg:

Til A1 – A10

Til C2

Sak 43/21
Godkjenning av framforhandla forlik i rettssak

Vedtak, samrøystes:

1. Sogndal kommunestyre godkjenner det framforhandla forliket mellom Sogndal kommune og Juana Patricia Calderon Montero og Nils Kristian Bratteteig.
2. Rådmannen får fullmakt til å betale ut det avtala beløpet.
3. Den økonomiske konsekvensen av forliket vert finansiert ved å nytte generelt disposisjonsfond.